

## Merknadsoppsummering frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn m/ kommentarar

Plan: Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes

Dato: 31.05.2023

Merknad frå	Merknadens innhald	Kommunens kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	Viser til sin uttale 01.03.22 om eldre kalkomn. Kalkomnen og Schmidthuset er regionale verneverdige kulturminne som er i nærleiken av planområdet. Tiltaket må difor ikkje kome i konflikt med kulturminna og tiltakshavar pliktar å varsle fylkeskommunen om kulturminnet blir råka.	Fortauet vil ikkje kome i konflikt med kalkomnen eller Schmidthuset.
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SF)	Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen vesentlege merknader.	Takast til vitande
Statens vegvesen	<p>1.I SVV si uttale til varsel om oppstart framheva dei at eit fortau er ei løysing som i hovudsak er tiltenkt gåande, medan syklande er å sjå på som køyrande og må ferdast i køyrevegen saman med bilistar. Syklistar kan likevel ferdast på fortau, men da på gåande sine premissar. Da det i dette tilfellet er etablert gang- og sykkelveg sør for Tynesvegen og nord for Blindheimsvegen, er det ikkje ei god løysing å legge inn eit slikt systemskifte over ei kortare strekning. Her er også ei strekning (o_F03) regulert smalare enn resten.</p> <p>2. SVV er klar over at eit fortau fører til mindre inngrep i tilgrensande eigedomar, men da målsettinga, som er gitt i planomtalens kapittel 6, er å «Skape eit heilskapleg tilbod for gåande og syklande langs Kyrkjevegen på Blindheim - Tynes.», oppnår ein ikkje dette med ulike system. Vi rår kommunen til å vurdere ei løysing slik at ein kan skilte heile strekninga som gang- og sykkelveg.</p>	<p>1.og 2. Langs Tynesvegen er det etablert fortausløyising. Det er å tru at det mykje av persontrafikken på det nye fortauet vil kome frå bustadar som kjem frå Tynesvegen. Sjølv om det er gang- og sykkelveg langs Kyrkjevegen sør for Tynesvegkrysset, så vurderer kommunen at det her ikkje bli eit markant systemskifte som Statens vegvesen antydar. I ei samla vurdering så har kommunen vurdert at ei fortausløyising vil tilfredstille tryggleik og behov til både gåande og syklande samstundes som at denne løysinga ikkje blir så arealkrevjande som ein gang- og sykkelveg vil være. Dette har vore viktig for eigedomane langs vegen.</p> <p>3. Det er lagt formål fortau over avkøyrslar kommunen ser for seg og erverve grunn frå.</p>

	3. Planteknisk vil SVV påpeike at formålet fortau må ligge over dei private avkøyrslene dersom ein skal ha heimel til å erverve grunnen til formålet.	
NVE	Gir ei generell tilbakemelding og minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.	Takast til vitande
Kristen Jarle Blindheim	Tidligere er der regulert til byggefelt på sør-øst ved vegen å da må et fortau og ligge der!	Prosjektet no blir å koble eksisterande gang- og sykkelveg langs Kyrkjevegen, og fortau frå Tynes så det blir ein samanhengande trase. Andre mogleg stader for fortausløyvingar inngår ikkje i denne reguleringa.
Henrik Schmidt	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tilknytning for straum, nett og vatn. Sikre gode avløp for kloakk, overflatevatn og grunnvatn. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må leggest godt til rette for framtidig tilknytning for kommunal straum, vatn, avløp og nett utan å måtte grave i nybygd fortau og bilveg.</li> <li>• På eignedomen er det ei open grøft men vatn frå eit større avrenningsområde. Det er ei stikkrenne under Kyrkjevegen som er noko grunn. Eit godt inntak til denne er svært viktig.</li> <li>• Det er observert oppdemma vatn nær foten av skråningane i nedbørsrike periodar. Er det avløp under vegsystemet som er lågare enn den omtalte stikkveita? Eller kan det</li> </ul> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Dette er detaljer som avklares i prosjektering av fortauet i etterkant av reguleringa. I føresegnene er det krav at i samband med byggeplan så skal det lagast plan for naudsynt omlegging av vass- og avlaupsleidningar, og andre leidningar i bakken</li> <li>2. Kommunen vurderer at ein ikkje bør ta stilling til kvar dette området skal ha sin tilkomst i denne planprosessen. Dette er noko som må vurderast i ein heilheiltleg reguleiringsprosess for det aktuelle bustadområdet. Derfor blir det ikkje tatt med inn- og utkøyringspilar i plankartet. Kommunen ser likevel nytta eigar har til å kunne kome seg til området for uttak av ved og liknande fram til området byggast ut. Tilpassingar av fortau for å lette tilkomst og bruk for eigaren av området bør difor sjåast på i prosjekteringa av fortauet.</li> </ol>

	<p>etablerast eit nytt dreneringspunkt i samband med bygginga av fortau.</p> <p>2. Ønsker å behalde eksisterande avkøyrslere rett nord for Andreas Isaksen sin eigedom. Ber også om å få behalde avkøyrslere nord for nevnte stikkveite. Kan ikkje godta at planen tek sikte på å sanere desse avkøyrslene.</p> <p>3. Schmidt ønsker at ein ser på avslutninga av fortauet i sør og nedste del av Ulvsbakken. Innsendar meina at siste delen av fortauet på Tynesvegen bør flyttast noko mot aust, hevast og først saman med Ulvsbakken som eit felles vegstykke forbi eigedomen gnr. 18 bnr.103 (Ulvsbakken 2) der ein får ei utkøyring til Kyrkjevegen. Innsendar meiner at slik fortauet på Tynesvegen no ligg så blir det ei kunstig innsnevring av Kyrkjevegen som blir vidareført i den nye planen. Ved å heve fortauet vil ein gjere nedste delen av Ulvsbakken noko slakare.</p>	<p>3. Kommunen vurderer at Ulvsbakken er ein relativt bratt bakke som ideelt sett burde vore slakare. Kommunen ser likevel utfordringa med skissert innsendt løysing. Ein vil få eit stykke av fortauet som også skal nyttast av køyretøy. Noko som ikkje er gunstig for mjuke trafikkantar som skal nytte fortauet. Det kan skape farlege situasjonar. Det vil også vere behov for ei meir arealkrevjande løysing enn innsendar skisserer for å få ein gunstig vinkel på avkøyrsla til Kyrkjevegen. Ein må ein ha ein kurvatur på vegen som gjer at ein må eit stykke inn i nærliggande eigedom på Ulvsbakken 2. (sjå Nordplan si sporingskurve for avkøyrsla i saksframlegg)</p> <p>Kommunen vurderer at trafikkområde nord og sør for starten av fortauet på Tynesvegen er ganske utflytande. Både med Tynesvegkrysset, busslommene og arealet nord for enden av Ulvsbakken. Eksisterande fortau ved Tynesvegen er med på å avgrense og stramme opp vegbredda på Kyrkjevegen. Kommunen ønsker å vidareføre dette i fortausplanen som no skal godkjennast.</p> <p>Ei samla vurdering er at ein held på løysinga frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Fortauet blir avslutta før Ulvsbakken noko meir avrunda enn i opphavleg planforslag</p>
<p>Agnieszka Sylwia Sørgård</p>	<p>«Vi har akkurat kjøpt eiendom på denne strekning. Vi er ikke glad for dette men aksepterer at kommunen trenger gangveg.</p> <p>Vi betalte 650kr pr kvadratmeter for 1år siden og regner med at denne sum blir gjeldende når kommunen tar vår eiendom.</p> <p>Vi la også asfalt ut til veg når vi bygde her, så vi burde få mer enn kvadratmeter pris vi betalte, men vi aksepterer 650kr pr kvadratmeter som vi gav for tomt når vi kjøpte ifjor.»</p>	<p>Erstatning for grunn er noko som ikkje blir tatt stilling til i reguleringsprosessen. Her er det dei planmessige høva som blir avklart og vedtatt. Erverv og erstatning for grunn med bakgrunn i reguleringsplan er vanleg å gjennomføre etter reguleringsplanen er vedtatt då ein veit omfanget av ervervet. Dette kan då være ved frivillig avtale, skjønn eller ekspropriasjon.</p>

<p>Heidi Anita Solberg</p>	<p>Har merknad angående praktiske detaljar som behov for:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ny støttemur pga høyereliggende vei/fortau, støttemur som er 40-50 cm høyere enn fortau med stolpe sko i så en får ein fin avslutning med liggende smalt treverk over muren, og veldig god avstand mellom treverket, dvs godt utsyn, ein avslutning som held dyr inne i eller ute fra hagen.</li> <li>• flytting av noværende hekk mot vei til bakhagen, da hekken kjem i konflikt med plommetre dersom den flyttes innover i hagen.</li> <li>• flytting av ett plomme tre som kjem i konflikt med fortauet til bakhagen.</li> <li>• beskyttelse av vann og kloakk rør, rør i rør system under fortau.</li> </ul>	<p>Mykje av dette er detaljar som må avklarast i etterkant av reguleringsprosessen. Både i samband med prosjektering av tiltaka og som moglege punkt i grunnervervsprosessen.</p> <p>Planen har lagt inn moglegheit til at det kan etablerast mur og rekkverk på innsida av fortau innanfor formålet «anna veggrunn». Sjå føresegna punkt 5.3.</p> <p>I føresegnene er det krav at i samband med byggeplan så skal det lagast plan for naudsynt omlegging av vass- og avlaupsleidningar, og andre leidningar i bakken</p>
----------------------------	--	---